



Venstre har hatt nominasjonsmøte ikveld og Kjell Yri frå Uskedalen takka for seg som profilert politiskar gjennom mange år. Etter eige ynskje vart han plassert på sisteplassen på lista. Den inneheld etter nominasjonen berre ein uskedeling - Kristian Olav Bringedal - og han står på niandeplassen. Den nye på listetoppen er den nye leiaren i kommunepartiet - Kent Are Kjørsvik Petterson - som bur på Husnes.

- Vi har vore i kontakt med mange som vi har vurdert som aktuelle kandidatar, men dei har sagt nei. Så det har vore ein tung prosess, seier Kjell Yri til uskedalen.no

Han står i midten på dette styrebiletet flankert av Annemor Ekeland og Ingrid Handeland. Foran sit Kent Are Kjørsvik Petterson og Kristian Olav Bringedal

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen